

Kva meiner ungdomsrådet?

- Innspel til kommuneplanen sin samfunnssdel, hausten 2021



VUR

Innleiing

Dette dokumentet inneholder ei oppsummering av medverknadsprosessen gjennomført med Ungdomsrådet i Volda, i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Innspela er forsøkt samla og forenkla etter tema. Resultata vart presentert for kommunestyret og kommunedirektøren si leiargruppe på arbeidssamlinga 3. september 2021. Innspela skal også nyttast i vidare arbeid med samfunnsdelen.

Om Ungdomsrådet i Volda:

Ungdomsrådet i Volda har 11 faste medlemar og 4 felles vara. Medlemane i ungdomsrådet representerer alle ungdomsskulane i kommunen, Volda vidaregåande skule, Ungdomsklubben i Volda og frivillige lag og organisasjonar.

MØTE MED UNGDOMSRÅDET I VOLDA

Dato: 25. august 2021

Stad: Samfunnshuset

Tema: Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Program:

- Om kommuneplanen sin samfunnsdel og FN sine berekraftsmål v/Regine S. Aklestad
- Visning av animasjonsfilmar:
 - [God oppvekst](#)
 - [Stoppe klimaendringane](#)
 - [Berekraftig lokalsamfunn](#)
- Spørjeskjema, individuelle svar
- Oppsummering og diskusjon i plenum

Kva meiner du er dei største kvalitetane ved lokalmiljøet/heimstaden din?

Kva meiner du er dei største kvalitetane ved lokalmiljøet/heimstaden din?

	Årneset	Butikkar i sentrum.
Naturen. Fin natur.	Munken	Gode utdanningsmoglegheiter/ skuletilbod.
Naturen er ein stor del av det som er fint med lokalmiljøet.	Parken	
Fjella. Fin natur og kultur.	Dampen	Kort reiseveg.
Mykje natur og fellesareal der ein kan møtast om sommaren	Grobygget	Om ein bur i sentrum er det kort veg til det meste.
	Hornindalsvatnet	
	Årneset	
		Lite og rolig.

Mange fritidsaktivitetar.
Greit utval av fritidstilbod.
Mange turstiar.

Fellesskapet.
Godt sosialt samfunn.
Ein bra plass å vere på.

Kva meiner du er dei største ulempene ved å bu der du bur?

Kva meiner du er dei største ulempene ved å bu der du bur?

Lite sosialt

Lite sosialt.
Tidvis lite å gjøre.
Få fritidsmoglegheiter.
Få offentlege stadar ein kan møtast om vinteren (under tak).
Få møblerte parkar.

Usentralt og lite kollektivtransport

Lite sentralt.
Ustentralt, og at vi ikkje he transport.
Lite busstilbod - burde vere litt oftare avgangar.
Vanskeleg å kome seg andre stadar (lite kollektivtransport).
Vennane mine bur i Ørsta, eg bur i Volda.

Dårleg infrastruktur

Dårlige lys og vegar
Utbredninga av dekning/fiber

Utdanning- og arbeidsmoglegheiter.
Utbygginga i skogsområda.

Er ingen ulemper med plassen eg bur på. Anna enn at den ikkje lenger er ei eiga kommune.



Korleis kan heimstaden din verte meir levande og attraktiv?

Korleis kan heimstaden din verte meir levande og attraktiv?

Fleire arrangement

Fleire arrangement.
Fleire arrangement.
Fleire arrangement.
Betre tilrettelegging for andre aktiviteter og arrangement.
Ei side på nettsida/avisa som kun er hendingar som skjer snart.

Fleire møteplassar

Fleire aktivitets-/møteplassar.
Hyggelege gateområde - familievenleg.

Fleire fritidstilbod

Fleire tilbod for dei som ikkje likar sport og friidrett.
Meir friluftslivsaktiviteter kanskje?

Betre infrastruktur og kollektivtransport

Bru over fjorden.
Betre kollektivtransport.

Konkrete tiltak

Fjordsauna.
Klatrestativ ute i vatnet på Årneset.
Maling av kulturhus.


Meir folk som busetter seg der med familier, og at det blir meir hus eller gårder.



Fjordsauna.



Maling av
samfunnshuset.



Klatrestativ ute i vatnet
på Årneset

Har du framlegg til små eller store tiltak som skulen din,
nærmiljøet eller kommunen kan gjøre for å redusere
klimagassutslepp?

Har du framlegg til små eller store tiltak som skulen din, nærmiljøet eller kommunen kan gjøre for å redusere klimagassutslepp?

Ladestasjonar og el-bilar

Redusere og sortere avfall

Betre og billigare kollektivtilbod

Haldningsskapande arbeid

Belønne dei som sykler og går

Fleire ladestasjonar, f.eks. på skule og offentlege parkeringsplassar.

Legge meir vekt på el-bil.

Fleire laddestasjonar OVERALT.

Redusere plast, for eksempel på produksjonsvaren.

Papp-posar i staden for plast.

Digitalisere for å kutte papirsvinn.

God tilgang til boss.

Vere strengare på sortering av plast, mat og restavfall.

Vere flinkare til å resirkulere for å skape/nytte fleire fornybare ressursar og ta vare på energien.

Ha konkurranse om å plukke mest søppel frå naturen.

Kjempe for bedre kollektivtilbod/lavare bussprisar.

Reklamere for buss: Instagramkonto til lokalbussane, dekorere bussane. Gøy å ta buss. Ikkje dyrt.

Gjere reglane for skuleskyss mindre strenge slik at dei som akkurat ikkje får skuleskyss kan få det slik at ein slepp mange som kører scooter/lettsykkel osv.

Gjere folk meir bevisst på skadene av netthandel, kjøtproduksjon, trafikkutslepp osv.

I staden for avgifter på parkeringsplassen: pengar til dei som sykler og går, og kan bevise dette.

Ikkje hågge ned so mange tred.



Korleis kan heimstaden din bli ein betre plass å bu og vekse opp på?

Korleis kan heimstaden din bli ein betre plass å bu og vekse opp på?



At vaksne (lærarar) har
meir tid til å sjå borna i
skulen.

Kan vere fleire tilbod for
dei som ikkje likar sport
og idrett.

Passe på at dei som
bur i mindre bygder i
kommuna også har
moglegheit til å møte og
bli kjent med andre folk
enn berre dei i same
bygd.

Kva vil det seie å vere eit «inkluderande» samfunn?

“**Eit inkluderande samfunn** er eit samfunn der alle kan finne ein plass dei føler dei kan **vere sosiale** eller **bidra med noko**, rette og slett berre føle at ein er ein del av samfunnet.

Å vere **open mot nye ting** eller idear.

Å akseptere andre, ta hensyn, bidra.

Eit samfunn som er **tilrettelagt for alle** og som passer på at alle har ei tilhøyrighet.

Alle aldersgrupper blir lagt til rette for.

Gi meistringskjensler og inkludere.

Eit samfunn der **forskjellige raser, kjønn og personligheter** er inkludert og føler seg behandla riktig.

Ha gode ordningar for å **hindre utanforskap**.

Eller det å kunne snakke/besøke alle små plassar rundt om.

Eit inkluderande samfunn vil seie eit samfunn der **alle blir sett og hørt**. Det blir lagt til rette for at det er lett å seie frå om systemsvikt, därlege/urettferdige lærarar, mobbing osv. Spørjeundersøkingar/lærarvurdering.

Å vere eit inkluderande samfunn vil seie å gi **omsorg og omtanke** til alle i samfunnet.

Eit inkluderande samfunn vil sei at alle blir inkludert. F.eks. klassa, der passa ein på at alle blir inkludert inn i leikane osv.